



MØTEBOK - PROTOKOLL

Utval/styre råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtestad:
Kontrollutvalet	18. juni 2019	16. juni 2019	Midtgard

Til stades på møtet:

Av i alt 5 medlemmer var 3 til stades.

Administrasjonen i Lom kommune:
Ola Helstad


Ordfører Bjarne Eiolf Holø

Sekretær Morten Sørhage førte møteboka

Møtet vara frå kl. 14.00 – kl. 15.00


Underskrifter:

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på sak 18/19 er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.


Magny Hilde


Jan Erik Husom


Synnøve Aukrust


Bård Flanem


Harald Onsum Berg

Utskrifter:

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane av kontrollutvalet.
- Varamedlemmane av kontrollutvalet.
- Ordføraren og administrasjonssjefen.
- Innlandet Revisjon IKS

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	18. juni 2019	18/2019
	Saksbehandlar:	Morten Sørhage

TILSETTING I LOM KOMMUNE

På **bakgrunn** av lesarinnlegg har kontrollutvalet fått fleire innspel om eit tilsetting i Lom kommune. For å opplyse saka er administrasjonssjefen innkalla for orientering.

ORIENTERING

Ordførar orienterte om drøfting i formannskapet om innspelet. Formannskapet har konkludert med full tillit til administrasjonen. Ordførar vil kommentere lesarbrevet på grunnlag av formannskapsmøtet.

Administrasjonssjef orienterte i møtet om rutinar i tilsettingsaker og vedteken arbeidsgjevarstrategi. I aktuell sak er prosessen fylgt. Administrasjonssjefen har ikkje vore i kontakt med brevskrivar. Tilsettingstilhøvet er attende i tid.

VURDERING

Administrasjonssjef er arbeidsgjevar, med kommunestyret som overordna. I dette ligg føringar i delegasjonsreglement og vedteken policy om tilsetting/tilhøve til arbeidstakarar. KU skal sjå til at lov, vedtak etc. blir fylgde av administrasjonen. Ei eventuell vurdering blir av dette rutinane opp mot dette.

Kontrollutvalet er ikkje ankeinstans eller klageorgan. Av di tilsettingsaka er ferdig handsama, er det gjort vedtak i saka. Det har ikkje kome formell klage frå nokon part i saka.

Ut frå dette fell tilhøvet utanfor ansvarsområdet til kontrollutvalet.

Vedtak:

- 1) Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering
- 2) Kontrollutvalet gjer ingen realitetsvurdering av tilsettingstilhøvet